



No skal også øvre del av Uskedalen få breiband. Det blir dekning heilt opp til Friheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Etter avtalen som no er underteikna kan dei øvre delane i Uskedalen få breiband-dekning før årsskiftet. Det er området Haugland/Musland/Friheim som skal dekkjast – med andre ord heile den øvre delen av dalen.

- Leverandørfirmaet Direct Connect vil satsa på ei trådløs løysing med speglar på sendarane, opplyser IT-sjef i kommunen Arvid Huse til uskedalen.no.

Avtalen som no er underteikna av rådmannen og Direct Connect omfattar breibandstenester til dei delane av kommunen som ikkje har slike tenester i dag. Det gjeld også Utåker/Holmedal, Søllesvik og Årsand. Det heiter i avtalen at siste område skal vera ferdigstilt ved årsskiftet. Ved ferdigstillingsdato skal utbyggjing vera ferdig etter dei avtalte krava og den enkelte sluttbrukar skal kunne tilbys tenester i nettet, står det i avtala.

Men IT-sjefen kan førebels ikkje seia når Uskedalen eksakt kjem "på nettet". Det avheng av detaljplanleggjinga som kommunen skal ha nærare kontakt med firmaet om i løpet av to veker, opplyser Huse.

Avtalen går ellers ut på at kommunen skal yta eit anleggstilskot til utbyggjinga på 1.062.500 kroner, men halvparten av denne summen blir dekt av Staten, nærare bestemt av såkalla høysom-midlar, opplyser Huse. Tilskotsummen er eit eingongsvederlag og kommunen yter ikkje ytterlegare tilskot for offentlege avgifter, prisendringar eller liknande.

Direct Connect vil vera eigar av nettet og stå ansvarleg overfor kommunen for å oppfylle dei avtalte krav til ferdig utbygd nett samt tenester i dette.

Nettet skal vera eit ope nett for ålmenn bruk der konkurrerende leverandørar skal kunne levara tenestene sine til sluttbrukarar utan konkurransebegrensa eller konkurransevidande krav frå netteigaren.

Sluttbrukaren sin etablering og leige av leverandørtjenester i nettet skal ikkje kosta meir enn som for tilsvarande tenester i trådløst nett i Florø sentrum.

Av Ola Matti Mathisen.